

Bakgrunn for vedtak i sak 29/21 i kontrollutvalet 18.08.2021:

Kofa har behandla sak 2020/119 og varsla om eit overtredelsesgebyr på vel 8,7 MNOK i sak 2020/119 grunna grov aktlause i samband med ulovlege innkjøp og brudd på konkurransereglane. Saka gjeld store overskridingar av fleire rammeavtalar i gamle Øygarden kommune, som har pågått over lengre tid. Saka i Kofa er ikkje endeleg avgjort, og partane har frist til 06.09.21 på å sende inn ytterlegare kommentarar til saka. Kontrollutvalget har motteke ROS sitt skriv av 01.08.21 til Kofa av utvalsleiar 03.08.21. Kommunens tilsvar er ikkje ferdig handsama pr dags dato.

Saka skadar kommunens renommé, og er etter kontrollutvalets syn alvorleg særleg med tanke på innbyggjarane sin tillit til kommunen som innkjøpar og ivaretakar av konkurransereglane. At saka har pågått så lenge utan ei nærmare avklaring av årsakene til at dette kunne skje, er uheldig og også belastande for alle involverte partar og tilsette i kommunen. Det er varsla forvaltningsrevisjon på innkjøpsområdet i nye Øygarden kommune i denne perioden, som vil ivareta den noverande og framtidige situasjonen i den nye kommunen, men dette vil ikkje fange opp behovet for å få ei endeleg avklaring av kva som er årsak til at den gamle kommunen over så lang tid har gjennomført ulovlege innkjøp, og kven som er ansvarlege for dette . Når Kofa har vurdert brudd på konkurransereglane som grovt aktlause, meiner Kontrollutvalet det er naudsynt å få ei strafferettsleg vurdering av saka, og slik få avklart årsak og ansvar for det utvalet oppfattar som vedvarande systemsvikt. Det er ordførar og rådmann i gamle Øygarden kommune som er øverst ansvarleg for system, rutiner og at kommunen opptrer innanfor lovverket.